



DEN NORSKE KYRKJA
Skodje sokneråd

Innkalling til møte

Du blir med dette kalla inn til møte i

Utval: Skodje sokneråd

Møtedato: 16.03.2023

Møtetid: kl. 19:00

Møtestad: Skodje rådhus

Meld frå om eventuelt forfall.

Innkalla:

Arnstein Sæthre, Tove Solheim Kristensen, Kristine Oksavik Sve, Elisabeth Bjørdal Leine, Ole Karsten Honningdalsnes, Jostein Kvalen, Per Ove Stige, Nora Hesseberg, Jan Løkkeborg, Inger Kristin Ask, Anne Lovise L. Løvås

Meldt forfall: Nora Hesseberg, Jostein Kvalen

Saksliste:

Godkjenning av innkalling og referat

Vedtakssaker:

Sak 15/23: Orienteringssaker 16.03.23

Sak 16/23: Årsrapport og årsrekneskap -22

Sak 17/23: Konfirmentkullet 2023/24

Sak 18/23: Kyrkjevalet 2023

Vel møtt!

Anne Lovise L. Løvås
leiar

Saksnr	Sak	Møtedato
15/23	Orienteringssaker 26. jan. 2023	<<MøteDato>>

Saksframstilling

1. To kvalifiserte søkarar til ledig stilling som kyrkjelydspedagog i Skodje og Ørskog sokn.
2. Soknemøtet 19. mars.
3. Fasteaksjonen 28 mars.
4. Informasjon frå stab.
5. Informasjon frå råd og utval.
6. Nytt frå fellesrådsrepresentanten.

Forslag til vedtak.

Soknerådet tek orienteringssakene til vitande.

Saksnr	Sak	Møtedato
16/23	Godkjenning av årsrapport og Årsrekneskap 2022	<<MøteDato>> >

Saksframstilling:

Årsrapport vedlagt innkallinga. Årsrekneskap blir lagt fram i møtet. Rådgjevar for sokneråd Kristin Smehus vil legge fram årsrekneskapen for soknerådet. Årsrapport vil leggest ut på heimesida, det same vil blir gjort når årsrekneskapen er godkjent. Begge deler vil bli lagt fram for soknemøtet den 19. mars.

Forslag til vedtak:

Soknerådet godkjenner årsrapport og årsrekneskapen for 2022

Saksnr	Sak	Møtedato
17/23	Konfirmantkullet 2023/2024	<<MøteDato>>

Saksframstilling:

Kateket Olav har gitt melding om at han ynskjer å gå ned i stillingsprosent til hausten. Då vil han redusere arbeidet med konfirmantar på Skodje. Potensielt er det 70 konfirmantar på Skodje neste år. Olav og Jan har hatt samtalar der ein ser føre seg korleis ein kan løyse dette. Og ein kjem ikkje utanom at presten må prioritere og ta av si tid inn mot konfirmantundervisninga fast. Tidlegare år har han hatt nokre einskilde samlingar. Konfirmantundervisninga inneber om lag 5 samlingar kvart semester + nokre fellessamlingar som t.d. fasteaksjonen og laurdagssamling osb.

Her er forslag til korleis ein kan løyse det:

Alternativ 1:

3 grupper der Olav og Jan tek ansvar for kvar si gruppe. Ein må ha hjelp frå Fellesrådet til løyse utfordringa med den siste gruppa. I tillegg kan ein prøve å få til at alle konfirmantar får besøke ein heim ila konf tida. (6 – 8 i kvar gruppe i heimane)

Alternativ 2:

Sykkylven har også lite ressursar på konfirmantundervisninga, og har 80 konfirmantar. Dei legg

opp til undervisning i heimane med opplegg tilrettelagt av prestane. Dei har også måtte gått ned i timetal og fått godkjenning i soknerådet på fritak på det totale timetalet.

Forslag: T.d. 5 heimar som har 4 samlingar med éi gruppe i løpet av konfirmantåret. (2 haust og 2 vår) Gruppene er på 6 – 8 konfirmantar. Resten av konfirmantane får eige opplegg i kyrkja. Og dei 3 andre samlingane går som vanleg undervisning. Dette vil lette trykket på dei tilsette. Og ein knyter nær kontakt mellom heim/kyrkjelyd og kyrkja.

Alternativ 3:

10 heimar har 4 samlingar i året med éi gruppe. Då får alle konfirmantane vere med i ei heimegruppe.

Ein kan også sjølvstgått ha enda fleire samlingar i privatheimane, om ynskjeleg. Opplegget må vere lett for heimane å fylgje utan mykje førebuing. Samtale er viktig...!

Vedtak:

Saksnr	Sak	Møtedato
18/23	Kyrkjevalet 2023	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Frist for innsending av kandidatliste er 31.03.23 kl 12:00.

Nominasjonskomitèen har hatt tre møter. Det viser seg å vere krevjande å finne kandidatar.

Soknerådet kan foreslå kandidatar til nominasjonskomitèen. Kva skjer dersom vi ikkje klarer å få ferdig til 31. mars?

Vedtak: